

**Sakshandsamar:**

Arnt Ola Fidjestøl  
E-post: Arnt.Ola.Fidjestol@sfj.no  
Tlf.: 97188903

**Vår ref.**

Sak nr.: 18/6742-3  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

40160/18

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 29.08.2018

**Notat****Frå:** Arnt Ola Fidjestøl**Til:** Jan Heggheim, NKA  
Ingebjørg Erikstad, NKA**Kopi til:****Utbyggingsplanar ved Fylkesarkivet**

Viser til brev datert 13.06.18.

**Kortfatta presentasjon av prosjekt/tiltak**

Fylkesarkivet er arkivdepot for kommunane og fylkeskommunen. I tillegg til dei offentlege arkiva, er vi også depot for fotoarkiv, musikkarkiv, privatarkiv og stadnamn frå fylket. Depottenesta sikrar kommunane og fylkeskommunen sine juridiske og forvaltningsmessige behov og samstundes at dokumentasjonen i Sogn og Fjordane vert handtert einskapleg og er representativ for regionen.

Det er behov for ei omfattande utviding av depotkapasiteten. Omfanget av avslutta arkiv er vorten monaleg større sidan arkivdepotet vart etablert. Overgangen til elektroniske informasjonsberar gjer at det er store mengder arkiv som no skal deponerast, og kommune- og regionsreforma gjer også at det hastar å få på plass ei løysing som sikrar at vi kan møte kommunane og fylkeskommunen sine behov.

**Kva behov skal prosjektet/tiltaket bidra til å løyse**

- Dei juridiske krava og administrative behova knytte til langtidslagring og betening av eldre og avslutta arkiv.
- Målsetjinga om å framstå med heilskapeleg samfunnsdokumentasjon for den regionen Fylkesarkivet er satt til å betene.

**Førebels kostnad/finansiering av prosjektet/tiltaket**

Arkivdepotet er no finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane og fylkeskommunen. Fylkeskommunen er byggherre, og kommunane betalar ei årleg leige som dekker byggekostnadene og drift og betening. Det er på det reine at eit slikt interkommunalt samarbeid om desse tenestene er den mest kostnadseffektive løysinga og den løysinga som sikrar behova på best mogleg vis.

Kostnadene er avhengige av tilslutnad frå kommunane og kommunane og fylkeskommunen sine behov for tenester. Førre byggesteg vart realisert i 2005/2006, og kosta kring 25 mill. kroner. Kostnadene med nytt arkivdepot kjem nok ikkje til å verte lågare.

**Kva konsekvensar vil realiseringa av prosjektet/tiltaket ha for drifta for institusjonen**

Realiseringa av prosjektet representerer ikkje endring i dei oppgåvene som Fylkesarkivet utfører i dag. Fylkesarkivet si oppgåve er å sikre arkiva i tråd med lovverket og syte for at dei til ei kvar tilgjengelege for bruk. Prosjektet må sjåast på som ein konsekvens av at volumet på arkiva som må deponerast er blitt langt større. Fylkesarkivet vert skodd til å hjelpe Fylkeskommunen og

medlemskommunane med deira behov og med dei utfordringane dei står ovanfor med teknologiskiftet og regions- og kommunereforma.

### **Kva tidsplan er lagt for realiseringa av prosjektet**

Det vil vere realistisk å tenke seg at prosessen vil ta ca. 2 år.

Fylkesarkivet ser føre seg følgjande steg i prosessen:

1. Dersom fylkeskommunen skal stå som byggherre, så må det utarbeidast ein ca. kvmpriis frå bygg og eigedomstenesta. Denne vert omgjort til ca hyllemeterpris.
2. Brev til kommunane og fylkeskommunen om behov og interesse for tilslutnad på bakgrunn av estimert pris (ikkje bindande)
3. Vurdere attendemeldingane og utforme eit tilbod som kommunane må gje eit forpliktande svar til.
4. Telle opp attendemeldingane og starte byggeprosessen.
5. Ta i bruk lokalet

### **Kva forventningar har institusjonen til fylkeskommunal medverknad**

Det er viktig med ei god forankring i fylkeskommunen som sikrar framdrift i utbyggingsarbeidet. Fylkesarkivet er avhengig av støtte og samarbeid med dei faglege ressursane som fylkeskommunen har i sin administrasjon.